

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset
Leikanger

Sogndal 2.11.2015

Søknad om tilskott til samordningsarbeid for fylkesovergripande IKT-satsingar gjennom IT-forum Sogn og Fjordane

IT-forum Sogn og Fjordane er eit breitt samarbeid og spleiselag som skal sikre at Sogn og Fjordane er i fremste rekkje i å utnytte IKT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiere, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket.

IT-forum S&Fj, ved Vestlandsforskning søker med dette om kr 500.000 som eit bidrag til spleiselaget i fylket for å sikre samordning og iverksetting av strategiane vedtekne av representantskapen i IT-forum. Søknadssummen er i tråd med søknader for tidlegare år.

1. Stor aktivitet og eit stort spleiselag

IT-forum Sogn og Fjordane har vore aktivt sidan 1995 og har 20-årsjubileum i 2015. IT-forum har gjennom denne perioden hatt aukande tal deltakarar, og har gitt ei lang rekke konkrete og tydelege resultat som har profilert fylket som ein sentral aktør innanfor IKT-utvikling. Resultata har bidrege både til utvikling av nye arbeidsplassar, nye tenester, nye breie samarbeidsnettverk og ny breibandinfrastruktur i fylket.

I samband med 20-årsjubileet vart det laga ei årsmelding som oppsummerde hovедtrekk og hovедresultat gjennom denne perioden. IT-forum er eitt av dei få fungerande større fylkesovergripande samarbeida mellom offentleg sektor, næring, FoU og utdannings i Sogn og Fjordane:

Gjennom 20 år har hovedstrategien bygd på:

- 1. samhandling på tvers*
- 2. store demonstrasjonsprosjekt*
- 3. internasjonalt samarbeid*

Arbeidet har gitt vesentlege resultat:

Infrastruktur

- Alle kommunane, regionråd og næringsliv med i Breibandforum
- Fylkessamarbeid om breibandutbygging sidan 2003
- Ca 200 mill kr i utbyggingsmidlar 2003-2013
- 39 mill i nasjonale midlar i 2014 i første utlysing i regi av Nkom, totalt 90 mill i utbyggingsbudsjett med lokale og regional midlar og leverandørar.

Innhald

- Alle kommunane og fylkesnivået med i fellessatsing eHelse
- Norsk Helsenett (linjene) innført og samordna med regionale breiband
- Meldingsformidling mellom kommunane, lokal lege og sjukehus (helsemeldingar) innført i alle kommunar i S&Fj som eitt av dei første fylka i landet
- Velferdsteknologi nytt felles løft med alle kommunane frå 2014
- eForvaltning fellessatsing mellom Fylkesmannen og kommunane om elektronisk samhandling og effektivisering i offentlig sektor
- Samarbeid på tvers av alle grunnskule, vidaregåande og høgskule i S&Fj for utvikling av innhald i IT-basert undervisning
- Fjordinfo AS etablert som ein av landets første regionale offentlege vevtenester i 1996

Internasjonalt

- IT-forum har hatt prosjekt i internasjonale FoU-program sidan 1995
- EU sine FoU-program, INTERREG, Competition & Innovation program mm
- Prosjekt Encata, RegioNet, TITAN, ODIN Mobile, GeoShare, Saber, mm
- Samarbeidspartnerar i dei fleste land i Europa
- Grunnlag for etablering av statlege arbeidsplassar (DIFI)
- Grunnlag for etablering av bedrifter (Avinet AS)
- Effekt for infrastruktur (satellittbreiband)

Informasjon

- Arrangert IT-forum-konferansen 1995-2014
- Møteplass & fagleg inspirasjon for rundt 200 deltakarar pr år
- Felles studieturar til Europa (Frankrike, Danmark, Finland, Belgia), USA (San Francisco, Silicon Valley), India (Bangalore, Maysor, Goa)


Medlemmane av representantskapen er pr. årsmøtet i 2015:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (leiar)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sogn og Fjordane energilag
- Helse Førde
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Lerum AS

- Sparebanken Vest
- NHO Sogn og Fjordane
- Sogndal fotball
- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Hydro Aluminium AS
- KS Sogn og Fjordane
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Vestlandsforskning

Med disse 16 hovedmedlemmene frå ulike sektorar representerer IT-forum ei stor og viktig fylkesovergripande samordning av IT-satsingar. Ansvar for å vere initiativtakar, samordnar og pådrivar for utviklingsaktivitetar er definert i mandatet:

"IT-forum skal ta initiativ til, vere koordinator for og pådrivar for aktivitetar som fremjar rasjonell og utviklingsretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv og offentlig sektor, og dergjennom for innbyggjarane, i Sogn og Fjordane. Det skal særleg arbeidast for å styrke og utvikle samhandling og samordning mellom etatar, organisasjonar og bedrifter i Sogn og Fjordane."



Figuren viser organisering og grupper/nettverk i IT-forum Sogn og Fjordane slik det vart vedteke på årsmøtet i 2014 og stadfesta på årsmøtet i 2015. Hovedsatsingane framover er ”Leverandørnettverk”, ”Velferdsteknologi” og ”Breiband”. Dei andre gruppene som ”Teknisk drift og utvikling” og ”Oppvekst og utdanning” vil også fortsetje, men dei tre hovedsatsingane vil ha størst merksemd og få særleg oppfølging. I løpet av 2015 vil også gruppa ”Oppvekst og utdanning bli revitalisert, og vil mellom anna arrangera ein støtte konferanse i desember 2015.

2. Store relevans og betydelege resultat i høve behov i Sogn og Fjordane

Aktivitetane i IT-forum har gitt betydelege dokumenterbare økonomiske resultat. Breibandsatsinga i fylket er eit godt eksempel på dette. Her har IT-forum gjennom undernettverket Breibandforum vore både initiativtakar, felles prosjektutviklar og samordnar av aktivitetar i Sogn og Fjordane til ein verdi av rundt 300 mill kroner til utvikling av infrastruktur og innhaldstenester. Alle kommunane i fylket har vore involvert og gjennom dei har også både næringsliv og innbyggjarar vore fått effektar av breibandutbygginga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si støtte til Breibandforum /It-forum har utløynt eit stort spleiselag det både kommunar, næringsliv, statsetatar, utdanning og forskning har bidrege, og der fylket har hatt stor suksess med å konkurrere om nasjonale midlar. I løpet av 2014 fekk samarbeidet i fylket gjennomslag for to søknader til den nasjonale utlysinga i regi av Post og teletilsynet med ei utteljing på 39,5 mill. kr. Dette er ei femdobling frå dei 7-8 mill kr som Sogn og Fj tidlegare har fått tilført, og S&Fj var fylke nr 2 i landet på utteljing etter Nordland.

I 2015 var samme strategi nytta ved søknad til dei nasjonale breibandmidlane. Og Sogn og Fjordane fekk gjennomslag for prosjekt med 18.5 mill kr i nasjonale tilskott og totalt 60 mill kr i utløynte midlar frå stat, fylkeskommune, kommunar og leverandørar i Sogn og Fjordane. I 2015 var Sogn og Fjordane det fylket som fekk mest midlar frå den nasjonale utlysinga.

Denne store utteljinga, og den store konkurransekraften som er utvikla for kommunane og fylkeskommunen i den nasjonale konkurransen, hadde ikkje kome utan gjennom samarbeidet som har vore utvikla systematisk gjennom mange år i IT-forum Breiband.

For utvikling av tenester har både eHelsesamarbeidet og skulesamarbeidet hatt ein tilsvarende brei involvering av heile fylket. I eHelsesamarbeidet har alle kommunar i fylket gjennomført ei stor og viktig mobilisering for og systematisk utrulling av meldingsutveksling innanfor triangelet ”kommunal pleie og omsorg – legekontor - Helse Førde”. Som eitt av dei første fylka i landet var alle kommunane i fylket i gang med denne meldingsutvekslinga sommaren 2014. Satsinga har vore driven gjennom to prosjekt ”Meldingsløftet for kommunane i S&Fj del 1 og del 2” støtta ma. av fornyingsmidlar hjå Fylkesmannen.

Denne satsinga er no teken vidare til temaet velferdsteknologi. Undergruppa i IT-forum har no og endra namn til Velferdsteknologi. Her blir samme organisering og samarbeidsmodell brukt som i satsinga for meldingsutveksling. Alle kommunane i fylket er med. Og fleire pilotprosjekt er sett i gang der målet er at alle kommunane skal lære av dei første pilotane og komme i gang med sine egne aktivitetar. Regjeringa har som mål at alle kommunar skal ha velferdsteknologi som ein naturleg del av sitt tenestetilbod innan 2020. Velferdsteknologi er også ein heilt nødvendig del av

kommunal tenesteutvikling og effektivisering for å kunne møte store utfordringar og auka kostnader med ei demografisk utvikling med stadig fleire eldre innbyggjarar.

Gjennom satsingane i IT-forum er Sogn og Fjordane det einaste fylket, som vi kjenner til, som prøver å løfte alle kommunane gjennom eit felles samarbeid. Effektar av ei slik satsing vil truleg nok ein gong vise verdien av IT-forum som eit fylkesovergipande og fungerande breitt samarbeid. For velferdsteknologi er det også eit betydeleg potensiale for lokal og regional næringsutvikling. Teknologien skal leverast, installerast og driftast. I det omfanget det her er snakk om, må det gjerast lokalt. I tillegg er det betydelege mulegheiter for utvikling av ny teknologi og samordning og tilrettelegging av teknologi for nye tenester. Her er det ei viktig kopling til leverandørgruppa i IT-forum.

2. Prioriterte fellesaktivitetar i 2015

IT-forum har gjennom drøftingar og prioriteringar i styret og representantskapen vedteke strategiar for satsing knytt til ulike gruppene og nettverka. Planen blir revidert på kvart årsmøte og føld opp av styret.

Styret i IT-forum for 2014 er:

Gunnar O. Hæreid, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (leiar)
Paal Fosdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Gunn Aase Moldestad, Sparebanken Sogn og Fjordane
Terje Heggheim, KS S&Fj
Arne Myrekrok, Serit - Fjordane IT AS
Marit Gjerstad, NHO Sogn og Fjordane
Erik Kyrkjebø, Høgskulen i S&Fj

For 2015 er fellessatsingar i høve til undergruppene i IT-forum følgjande:

Breiband

- Forumet vidarefører stimulering/utbygging av breiband i S&Fj med særleg vekt på neste generasjon breiband med fiberteknologi
- Breibandforum følgjer opp utlysinga av nasjonale breibandprosjekt frå Post og teletilsynet med sikte på å få med kommunane i Sogn og Fjordane i eit eller fleire fellesprosjekt med SFJ fylkeskommune som søkar.
- Breibandforum følgjer opp ferdigstilling av prosjekt i kommunane som har fått midlar frå tidlegare ordning (før 2014) med midlar frå KRD via fylkeskommunen.
- Breibandforum deltek i oppfølging av dei 23 kommunane som fekk totalt 39,5 mill kr frå Nkom i tilskott etter søknadane i 2014.
- Arbeider vidare med påverknad av nasjonale styresmakter for å sikre meir og større finansiering til breibandutbygging. Nedskjeringa av breibandmidlar i framlegga til Statsbudsjett er særst alvorleg og mykje arbeide må setjast inn i slutten av året for å rette opp i dette
- S&Fj var ein pådrivar for etableringa av Nasjonalt Breibandråd, og har også teke på seg å vere sekretariat for dette i ein første fase. Dette forumet er viktig både for å arbeider for meir

breibandmidlar og for å gje innspel til eit nasjonalt utlysingsregime som er i tråd med behov i fylket.

- I løpet av 2015 bør det også arbeidast for å setje i gang ein revisjon av breibandstrategien i fylket. Dette blir truleg eige delprosjekt.

Leverandørnettverk

- Gruppa er etablert som møteplassen for dei nye private IT-bedriftene i Sogn og Fj og vil bli følgd opp og vidareutvikla
- Gruppa endra namn frå Digitalt entreprenørskap til Leverandørnettverk vinteren 2014 sidan den har fått ei breiare samansetjing og at leverandørrolla til bedriftene har fått større merksemd. Offentleg innkjøp er ein stor og viktig marknad for verksemdene, og det er særskilt viktig at verksemdene har god kunnskap om korleis å kunne bli leverandør og korleis dei eventuelt kan samarbeide for å nå opp i konkurransen med nasjonale leverandørar.
- Dialogkonferansar er eit høvesvis nytt verkemiddel som lagar arenaer der lokale offentlege innkjøparar og næringsliv kan møtast på eit tidleg tidspunkt i ein utbyggings- og innkjøpsprosess. Velferdsteknologi er eit særleg aktuelt tema for dialogkonferansar mellom verksemdene og lokale innkjøparar. Eigne seminar både om offentlege innkjøp, samarbeid mellom IT-bedrifter og om velferdsteknologi spesielt blir gjennomført. I den nye satsinga for velferdsteknologi hjå kommunane i fylket vil regionalt samordna dialogkonferansar med leverandørane vera ein viktig aktivitet

Velferdsteknologi

- Gjennom satsinga ”Meldingsløftet i kommunane i Sogn og Fjordane del 1 og 2” er S&Fj komen i fremste rekke i landet i høve til utrulling av elektronisk meldingsutveksling mellom kommunar og legesenter og spesialisthelsetenesta.
- IT-forum har vidareført denne satsinga ved å bruke samme organisering for velferdsteknologi. Dette er tenester og teknologi som støttar eldre og personar med særlege behov slik at dei kan bu lenger i eige husvære. Tenestene kan også vere aktuelle i ulike institusjonsplassar. Satsinga involverer ei rekkje tema som teknologiutvikling og integrering, organisasjonsutvikling, tenesteutvikling, kvalitetssikring av tenester, sikkerheit, personvern og etikk.
- Arbeidet starta i 2014 og har fått stor merksemd og interesse. Arbeidsgruppa i IT-forum som samordnar desse aktivitetane har desse deltakarane: Kompetansesenter for heimetenester (fylkesovergripande) i Førde kommune (leiar), Flora kommune, Eid kommune, Gloppen kommune, Eid vidaregåande skule, Fylkelegen i S&FJ, NAV – Hjelpemiddelsentralen, Høgskulen i S&Fj og Vestlandsforskning.
- Gruppa har utvikle og fått gjennomslag for to prosjekt (Fornyingsmidlar hjå Fylkesmannen og nasjonale midlar til kompetansetiltak) der alle kommunane i fylket er med. Pilotprosjekt er sett i gang med utprøving av tryggleikspakker i Jølster og Årdal, medisineringsdispensarar i Gloppen, aktiviseringsteknologi i Vik, og erfaringsoppsumming for kommunale helse- og eldrebustader med velferdsteknologi for Eid, Stryn, Vågsøy og Sogndal kommunar.
- Velferdsteknologi blir ei hovedsatsing framover med stor interesse og engasjement frå heile fylket, store økonomiske effektar for kommunane og potensiale for næringsutvikling og høg profilering av fylket.

Oppvekst og utdanning

- Nettverket på tvers av skuleslag (grunnskule, vidaregåande skule og høgskule) blir vidareført, og ”arbeidsgruppa for oppvekst og utdanning i IT-forum” har føreslege ein plan for auka aktivitet som er godkjend av styret i IT-forum
- Bidra i årleg IKT-konf for skuleverket i desember
- Vidare strategiarbeid for muleg koplingar til nye innhaldstenester og betre bruk av nye medier

Teknisk drift og utvikling

- Vidareføre felles kurs og nettverksaktivitetar
- Arbeide vidare med mulege teknologiske tema knytt til den nye konferansemodellen Næringslivsdagane i S&Fj og andre spesialseminar
- Hausten 2015 bidreg gruppa til den regionale KINS-konferansen (IT og sikkerheit) som blir halden i Sogndal

Ny næringsretta IT-utdanning

Etter innspel frå Fylkesmannen sitt ”Stat-næringsamarbeid” og drøfting på årsmøtet i IT-forum i 2014, utvikla IT-forum ein forprosjektsøknad til eit program i Innovasjon Norge for ”kompetanseutvikling i næringsmiljø”. Søknaden var støtta av Innovasjon Norge i desember 2014 og arbeidet med kompetanseutvikling i næringsmiljø har vorte ein nye vesentleg aktivitet i 2015.

Næringsmiljøet blir representert gjennom IT-forum, og Høgskulen i S&Fj har ein særleg rolle som tilbydar av kompetanseutviklingstiltak. I løpet av 2015 blir det gjennomført ei rekkje mobiliserings- og dokumentasjonsaktivitetar i høve behov og interesse og mulege gjennomføringsmodellar. Søknad om hovedprosjekt for etablering av ny IT-utdanning blir levert hausten 2015, og søknaden blir avgjort før nyttår. Dersom denne søknaden går gjennom, blir dette ein stor og viktig aktivitet framover, og det blir truleg behov for å etablere den som ei eiga gruppe i It-forum. Effekten av å initiere og vere med å utvikle ei ny utdanning vil vere svært stor for ei rekkje brukargrupper i fylket.

Konferanse

IT-forumkonferansen har vore halden som eigen konferanse kvar haust frå 1095-2014. Frå 2015 inngår den i Næringslivsdagane i Sogn og Fjordane og vart arrangert 20-12 mai. i Førde. Målet med omlegginga er å samordne og kople fleire tidlegare konferansar og bli den største innovasjonskonferansen i fylket. IT-forum står for ein halv dag av plenumsdelen i den nye konferansen. IT-forum bidreg i utvikling og gjennomføring av den nye konferansen i dialog med programkomiteen.

3. Økonomi og finansiering

It-forum utfører eit betydeleg arbeid med overvaking av status og behov for IKT-utvikling i fylket, med initiering og samordning av strategiar, handlingsplanar, oppfølging og støtte til arbeidsgrupper og nettverk og iverksetjing av felles utviklingsprosjekt.

IT-forum har også eit betydeleg utadretta arbeid for å profilere fylket og med å arbeide for at finansiering og satsingar frå nasjonalt nivå kjem Sogn og Fjordane til gode. Breibandsatsinga er for tida eit særleg godt eksempel på dette.

It-forum har bygd aktivitetane rundt ein finansieringsmodell der kvar av medlemmane av representantskapen bidreg med kr 10.000 i kontingent pr år. Deltakarane i arbeidsgruppene og nettverka bidreg med 1.000 kr pr pers. I tillegg har Sogn og Fjordane fylkeskommune bidrege med eit tilskott.

IT-forum S&Fj, ved Vestlandsforskning søker med dette om kr 500.000 for 2015 som eit bidrag til spleiselaget i fylket for å sikre fylkesovergripande samordning og iverksetting av strategiane vedtekne av representantskapen i IT-forum.

Med vennleg helsing
IT-forum Sogn og Fjordane

Gunnar O. Hæreid
Leiar IT-forum (sign)

Ivar Petter Grøtte
Sekretariatet
Vestlandsforskning